Tilbod om å oppdatera datamaskinen før skriftleg eksamen

Stord vidaregåande skule inviterer alle kandidatar som skal gjennomføra eksamen i Safe Exam Browser (SEB) oppom skulen for å få kontrollert og oppdatert datamaskinen sin før eksamen.

I perioden 16. - 27. november skal det gjennomførast skriftlege privatist- og eleveksamenar ved Stord vidaregåande skule. Nokre av eksamenane skal gjennomførast i Safe Exam Browser (SEB).

Safe Exam Browser er ein nettlesar som stenger tilgangen til ressursar på datamaskinen, og berre opnar for nokre få digitale hjelpemidlar som det er lenka til i oppgåvesettet.

Dersom du ikkje har installert rett versjon av SEB før eksamen, og datamaskinen elles ikkje er oppdatert, risikerer du å få tekniske vanskar på sjølve eksamensdagen. Dette kan våre IT-folk hjelpa deg med å motverka.

Møt opp i ekspedisjonen på avdeling Saghaugen innafor følgjande tidspunkt om du er interessert i å få hjelp:

- Tysdag 10. november kl. 13.30 - 15.30
- Fredag 13. desember kl. 12.30 - 15.30

Hugs å ta med datamaskinen.

Dei som er i målgruppa for SEB-eksamen får tilsendt ein sms med opplysning om tilbodet.